Jordbruksareal i drift (dekar)	dekar	43189	9833598	995153
Søknader i alt etter jord- og konsesjonslov (antall)	antall	27	7989	589

I tabell 9 er det vist talet på gardsbruk og kor stor del av gardsbruka som har fast busetting. Når det gjeld busetting skil Lesja seg ut på fleire vis. I Lesja har ein større del av gardsbruka fast busetting samanlikna med vår region og landet elles. I tillegg er den prosentvise nedgangen i fast busetting på gardsbruk vesentleg mindre i Lesja (og Lom) enn for andre kommunar, fylket og landet i det heile.

Tabell 9. Talet på landbrukseigedommar i alt og med busetting (Etter SSB)

År	Landbrukseiendommer i alt			Landbrukseiendommer med boligbygning og busetting					
	2010	2015	2017	2010		2015		2017	
Kommune	Tal	Tal	Tal	Tal	%	Tal	%	Tal	%
0511 Dovre	303	304	302	227	74,9	222	73,0	218	72,2
0512 Lesja	391	395	388	300	76,7	295	74,7	293	75,5
0513 Skjåk	347	349	348	259	74,6	247	70,8	243	69,8
0514 Lom	377	363	362	254	67,4	257	70,8	259	71,5
0515 Vågå	443	445	441	320	72,2	324	72,8	322	73,0
0517 Sel	565	566	561	414	73,3	410	72,4	401	71,4
Oppland	14998	14877	14758	10782	71,9	10447	70,2	10307	69,8
Landet	185098	185025	183639	121080	65,4	118225	63,9	115615	63,0

I tabell 10 er det vist kor stor del av innbyggartalet som bur på gardsbruk. Halde opp mot andre grupper i tabellen, skil Lesja seg klart ut med ein høgare prosentdel, lik ca. 50 %.

Tabell 10. Prosent-del av innbyggartalet som bur på gardsbruk (Etter SSB)

	Bosatte på landbrukseiendommer av alle bosatte i kommunen (prosent)		
	2010	2015	2017
0511 Dovre	30.7	28.4	27.2
0512 Lesja	54.5	52.3	49.4
0513 Skjåk	43.8	36.1	35.6
0514 Lom	39.6	36.2	34.3
0515 Vågå	31.1	29.7	28.9
0517 Sel	23.2	21.7	20.8
Oppland	20.4	18.5	17.7
Landet	8.7	7.5	7.1

4.3 Bruksutbygging og investering

Landbruksføretaka i Lesja har lege på eit høgt nivå når det gjeld investering og utbygging i perioden 2010 – 2018, til saman 65,8 mill. kr. (sjå tabell 11 og 12). Dei største investeringane skjer produksjon av mjølk og storfekjøtt, til saman 43 mill. kr. i tilskott.

Tabell 11. Årlege tilsegn om lån og tilskott frå Innovasjon Norge til landbrukstiltak i Lesja 2010 – 2018

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Beløp (mill. NOK)	3,365	5,439	15,677	6,708	1,846	2,161	5,381	10,335	14,920

Tabell 12. Årlege tilsegn om lån og tilskott frå Innovasjon Norge til landbrukstiltak i Lesja 2010 – 2018, etter type næring. (tusen NOK)

Næring	
01.290 Dyrking av flerårige vekster ellers	715000
01.410 Melkeproduksjon på storfe	31239000
01.420 Oppdrett av annet storfe	11834000
01.451 Sauehold	1181000
01.460 Svinehold	5500000
01.490 Husdyrhold ellers	1115000
01.620 Tjenester tilknyttet husdyrhold	480000
02.400 Tjenester tilknyttet skogbruk	245000
08.111 Bryting av stein til bygge- og anleggsvirksomhet	30000
10.130 Produksjon av kjøtt- og fjørfearer	290000
10.209 Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers	450000
10.510 Produksjon av meierivarer	2310000

10.610 Produksjon av kornvarer	300000
10.890 Produksjon av næringsmidler ikke nevnt annet sted	250000
16.100 Saging, høvling og impregnering av tre	359000
16.231 Produksjon av monteringsferdige hus	1350000
31.020 Produksjon av kjøkkenmøbler	275000
31.090 Produksjon av møbler ellers	180000
35.113 Produksjon av elektrisitet fra biobrensel, avfallsforbrenning og deponigass	107500
35.300 Damp- og varmtvannsforsyning	235000
38.210 Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	440000
68.209 Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers	1500000
79.903 Opplevelses-, arrangements- og aktivitetsarrangørvirksomhet	3565000
79.909 Turistrelaterte tjenester ikke nevnt annet sted	1656000
93.291 Opplevelsesaktiviteter	225000
Sum	65831500

4.4 Jordleige – dyrka og dyrkbar

Etter som rammevilkåra i landbruket og samfunnet elles har endra seg, har det blitt meir vanleg å inngå avtaler om leige av dyrka mark. I tabell 13 er det vist ein oversikt over jordleigeavtaler i Lesja i perioden 2009 – 2018. Ut frå tabellen er det eit rimeleg oveslag:

- at ca. 6000 daa er omfatta av avtalar om jordleige, eller ca 16 % av jordbruksarealet i Lesja.

Andre særtrekk ved situasjonen i Lesja er:

- omtrent like mange eigarar som leigarar. Liten konsentrasjon av leigejord på få hender.
- Høvesvis areal i mindre storleiksorden som er utleigd (gjennomsnitt 62,5 daa).
- Ved gjennomgangen har ein fått eit generelt inntrykk av at jordleigeavtalar stort sett blir inngått mellom partar i same grendelag.

Avtaler som jordbruksføretak har om leige av jord i andre kommunar er ikkje med i oversikta.

Tabell 13. Oversikt over jordleigeavtaler i Lesja, 2009 – 2018, dyrka mark og innmarksbeite. (Etter kommunalt Lesja kommune)

År	Talet på avtaler godkjend av Lesja kommune	Areal (daa)	Gjennomsnitt areal pr. avtale (daa)	Gjennomsnitt leige tid (år)	Tal på eigarar	Tal på leigarar
2018	15	908	60,5	8,6	15	15
2017	14	1058	75,6	9,7	12	14
2016	7	359	51,3	8,6	6	7
2015	12	737	61,4	9,1	12	12
2014	11	1061	96,5	8	11	11
2013	12	1001	83,4	9,5	10	12
2012	22	826	37,5	9,7	18	15
2011	10	344	34,4	9,5	10	9
2009	10	476	47,6	7,7	9	10

>2009	4	389	97,25	7,5	4	4
-------	---	-----	-------	-----	---	---

4.5 Produksjon av mjølk og kjøt

Landbruket i Lesja er ei typisk bulknæring. Det blir levert store kvanta av mjølk til større meieri- og slakteribedrifter. Likevel har det vore ei positiv utvikling for lokal foredling av mjølk- og kjøtprodukt. (Sjå tabell 14 og 15).

Såkalla bulkproduksjon gjev ein sikker basis for landbruksnæringa i Lesja.

Suksessfulle nisjeprodukt er positive for den enkelte bedrift, for verdiskapinga i kommunen, profilering av næringa og profilering av Lesja. Slike bedrifter er også viktige for utvikling av gründerånd i landbruksnæringa.

Tabell 14. Produksjon av mjølk i Lesja. (Etter Landbruksdirektoratet)

Type\Mengde (liter)	Levert meieri	Lokalt foredla	Totalt
Kumjølk	12.046.997	103233	12.150.230
Geitmjølk	120130	-	120.130
SUM	12167127	103233	12.270.360

Tabell 15. Produksjon av kjøt i Lesja. (Etter Landbruksdirektoratet)

Type	Kategori	Produsert(kg)	Levert slakteri eks. retur/leigeslakt (kg)	Dyretal	Mva.fri retur/leigeslakt (kg)
Alle	Alle	1.172.021	1.166.639	16.538	5.381
Geit	Geit	618	604	31	14
Geit	Kje	125	72	7	53
Gris	Gris	14.733	1.2471	187	2.262
Gris	Purke	265	0	0	265
Gris	Råne	178	178	4	0
Sau	Lam	193.631	193.246	10.795	385
Sau	Sau	50.546	50.546	1.535	0
Sau	Ung sau	10.755	10618	401	138
Sau	Vær	1.895	1.895	44	0
Skinn	0	0	0	676	0
Storfe	Kalv	1.475	1.375	11	100
Storfe	Ku	173.682	173.682	565	0
Storfe	Kvige	65.378	65.226	280	152
Storfe	Okse	16.723	15.633	40	1091
Storfe	U okse/kast	459.888	459.298	1.442	590
Storfe	Ung ku	137.794	137.461	520	333
Ull	Ull	44.335	44.335	0	0

4.5.1 Tilleggsnæringar

Undersøkinga «Trender i norsk landbruk 2018 Hedmark og Oppland» (Ruralis 2018) viser at 70 % av gårdsbruka i Hedmark og Oppland driv med tilleggsnæringar. Fordeling på type næring er vist i tabell 16.

Tabell 16. Prosentandel gårdsbruk der hovedbruker eller ektefelle/samboer driver tilleggsnæring. Innlandet og Norge Type tilleggsnæring

	Innlandet (%)	Norge (%)
Leiekjøring, slått, brøyting, strøing ol	33,8	30,5
Utleie av jakt og/eller fiskerettigheter	20,8	18,3
Vedproduksjon, biobrensel	18,1	20,3
Utleie av lokaler, lagerhold ol	11,3	10,8
Annet	9,8	10,1
Overnatting på eller ved gården	6,4	6,1
Gårdsmat	4,6	4,9
Salg av hytter eller tomter	4,6	4
Bygningsarbeid	3,9	4,2
Husdyravløsning	3,4	2,7
Gårdssag	2,9	3,6
Opplevelsestilbud, guiding ol (reiseliv)	2,8	2,6
Rådgiving, regnskap, konsulenttjenester	2,7	2,2
Servering på eller ved gården	2,2	1,7
Helse og omsorg, avlastning	2,1	2,6
Barnehage/skolerelaterte tjenester	1,6	2,2
Kunst og kultur	1,4	1,1
Drift av hyttefelt	1,1	1,5
Småkraftverk	0,5	2,3

4.6 Gjerder

Jordbruket er avhengig av bruk av gjerder for å sikre ei rasjonell drift i husdyrbruket. Gjerdene er å finne som både varige trådgjerder, og ulike variantar av flyttbare gjerder, med og utan strøm.

Gjerdene har ulike funksjoner:

- Skilje utmark frå innmark
- Skilje innmarksbeite frå dyrka areal
- Styring beiting på innmark
- Sperregjerde mellom ulike beiteområde
- Grendevise sperregjerder som skil gardane frå utmarka.
- Sperregjerder for hindre beitedyr å komme ut på trafikkert veg, jernbane og bustadområde.

Eit god gjerdehalde er viktig for å fremme god ressursutnytting, dyrevelferd, trafiksikkerheit og førebygge skadar på viltet. I tabell 17 er det vist ei oversikt over felles gjerdetiltak (gjerdelag) i Lesja.

Tabell 17. Felles gjerdetiltak i Lesja

Felles gjerde (gjerdelag)
Rolstad – Prestgårdsbrue
Prestgårdsbrue – Lora elv
Lora (jernbanebrua) – Lesjaskog
Einbu – Bjorli
Stuflotten - Bjorli

4.7 Skogbruket i Lesja

Det produktive skogarealet i Lesja er på 153160 daa. (SSB 2017) Produktiv skogareal er areal med årleg tilvekst på minst 0,1 m³/daa eller meir. (Volumet er med bark) Skogkonsulent Kim Berget ved landbrukskontoret har opplyst at for Lesja er:

- Ståande volum er 1,12 mill. m³.
- Årleg balansekvantum er 20000 m³. Balansekvantum er det kvantum ein årleg kan avverke utan å måtte redusere avverkinga i framtida.

Vi kan då uteleie at det står i gjennomsnitt:

- 7,3 m³/daa.

Det kjem ny skogplanar i 2019 med oppdaterte data for volum, tilvekst og hogstklassefordeling. Med ei avverking over tid som ligg under balansekvantumet, er det rimleg å tru at delen av hogstmoden skog (H.kl V) er for stor. Det er ikkje ynskjeleg med ein for stor del hogstmoden skog, då skogproduksjonen her vil vera liten eller lik null.

I tabell 16, jf. tabell 18 og 19 er det vist ei fordeling av det produktive skogarealet på eigedommar i Lesja, Oppland og for heile landet. Eigedommar under 50 daa utgjer berre 0,9 % av arealet, og påverkar såleis biletet i liten grad. Legg ein til grunn skogeigedommar over 50 daa, er den gjennomsnittlege skogeigedommen på 377 daa. (Gjennomsnittleg storleik på skogeigedom i landet er 553 daa, og i Oppland 589 daa).

Tabell 18. Fordeling av det produktive skogarealet på eigedommar, etter areal (PM Kim Berget)

Areal- gruppe	Produktiv skog		Antall eiendommer		Prod.skog daa pr.eiend.
	Dekar	%	Stk	%	
0-19	272	0,2	61	15,0	4,5
20-49	1057	0,7	34	8,4	126
50-99	3512	2,3	48	11,8	73
100-199	7899	5,2	53	13,0	149
200-499	38409	25,0	116	28,6	331
500 +*	101907	66,6	94	23,2	1084
Sum over 50 daa	153056	100	406	100	377

*(I areal over 500 daa er Lordalen st.alm inkludert med et prod.areal på 23.881 daa)

Tabell 19. Skogeiendommer fordelt på fylke og eiendomsstørrelse (Etter SSB 2017)

	I alt	Størrelsesklasse etter produktivt skogareal i dekar							
		25-99 dekar	100-249 dekar	250-499 dekar	500-999 dekar	1000-1999 dekar	2000-4999 dekar	5000-19999 dekar	20 000 eller mer
2017									
Hele landet	127038	43571	33218	21963	15499	7976	3589	988	234
%	99.9	34.2	26.1	17.3	12.2	6.3	2.8	0.8	0.2
Fylke									
Oppland	11023	3820	2884	1825	1258	723	366	123	24
%	100.1	34.7	26.2	16.6	11.4	6.6	3.3	1.1	0.2

I tabell 20 er det vist ein oversikt over avverkinga i Lesja i åra 2016 – 2018 fordelt på treslag og sortiment. Avverkinga varierer frå år til år, noko som kan skuldast driftsforhold, kvalitet på skogen og andre forhold. Tømmerprisen er likevel ein viktig og konjunkturavhengig faktor. Sidan gjennomsnittleg balansekvantum pr. eigedom i Lesja ligg på ca. 50 m³/år, vil mange velja å «samle opp» til ein større hogst, t.d. kvart 5. – 10. år. Tømmerprisen vil då vera viktig for val av tidspunkt for hogst. Elles så ser ein at furu er det heilt dominerande treslaget med ei ca. 50/50-fordeling mellom sagtømmer og massevirke.

Tabell 20. Avverking i Lesja fordelt på treslag og sortiment, åra 2016 – 2018.

Sort\År_art	2018			2017			2016		
	Total volum	Total verdi	M3P	Total volum	Total verdi	M3P	Total volum	Total verdi	M3P
Gran, sagtømmer sams	58	30782	531	179	76792	429	8	3730	466
Gran, annet sagtømmer	10	1352	135	24	3628	151	1	119	119
Gran massevirke	0	0	0	51	9719	191	7	1224	175
Gran vrak	51	0	0	41	0	0	30	0	0
Furu spesial	9	8227	914	100	60860	609	76	47875	630
Furu sagtømmer, sams	4168	1871773	449	2147	899859	419	3511	1466788	418
Furu, annet sagtømmer	166	28224	170	95	11272	119	112	13870	124
Furu massevirke	4875	1179175	242	2169	411935	190	3447	645569	187

Furu, anna rundvirke	0	0	0	28	30650	1095	0	0	0
Furu vrak	7	0	0	2	0	0	4	0	0
Lauv, massevirke	0	0	0	76	20250	266	0	0	0
Sum	9344	3119533		4912	1524965		7196	2179175	

Etter hogst er skogeigaren pliktig å foryngje arealet gjennom planting/naturleg forynging og ungskogpleie.

I tabell 21 er det vist data for skogplanting i Lesja i åra 2015 og 2017. Eit overslag er at ca. 20 % av foryngingsarealet i Lesja blir planta, medan resten blir naturleg foryngja ved bruk av frøtrestilling.

Tabell 21. Skogplanting i Lesja omfang og kostnad. (SSB)

Planting (dekar)		Planter (stk)		Planting. Kostnad (kr)	
2015	2017	2015	2017	2015	2017
160	160	27000	17000	130000	71000

I t.d. 2017 vart det utført ungskogpleie på 290 daa i Lesja, til ein samla kostnad på 47.000 kr. (SSB) Kostnaden pr. daa vart då 162 kr/daa.

4.7.1 Skogsvegar

I Lesja var det i 2013 registrert totalt 116,3 km med skogsbilveg. (Sjå tabell 22). Mjøsen Skog og Fylkesmannen i Oppland gjorde då ei registrering der dei klassifiserte skogsbilevgane etter følgjande kriterium:

- A er vei som holder standard veiklasse 3 med få mangler
- B er veier som i hovudtrekk holder veiklasse 3, men som har mangler som er relativt rimelig å gjøre noe med. Disse veiene kan kjøres etter noe opprusting.
- C er veier som ikke er kjørbare og som krevet grøvre opprusting.

Resultatet frå kartlegginga er vist i tabell 20.

Tabell 22. Registrering av skogsbilvegar i Oppland 2012 - 2013 (Mjøsen Skog og Fylkesmannen i Oppland 2014)

Veigraderingar	Tal på vegar	Sum kilometer	% av vegar	% av km
A	8	22,5	15	19,3
B	36	81,7	68	70,3
C	9	12,1	17	10,4
Sum		116,3		

4.8 Faglege og sosiale nettverk

Landbruket er ei næring med fleire og sterke organisasjonar som skal ivareta næringa sine interesser og arbeide for fagleg og sosial utvikling. Dei viktigaste er vist i ein oversikt i tabell 23.


Tabell 23. Oversikt over organisering av landbruket i Lesja.

Lag	Føremål	Kontaktperson
Lesja og Lesjaskog bondelag	«samle alle som er eller kjenner seg knytte til bondeyrket, for å fremje felles saker, tryggje landbruket og arbeide for dei økonomiske, sosiale og kulturelle interessene i bygdene.»	Ole Bjørner Flittie
Lesja Dovre bonde- og småbrukarlag	« <i>ein fagleg og næringspolitisk organisasjon, som har til formål å fremme dei faglege, kulturelle, sosiale og økonomiske interessene til folk i jordbruket</i> »	Odd Gråberg
Lesja og Dovre Skogeierlag	«Mjøsen Skog SAs formål er å arbeide for andelseiernes økonomiske interesser tilknyttet deres skog- og utmarkseiendom ved å: ...»	Håvard Syse
Lesja beitesamlag	Felles organ for beitelaga i Lesja	
Tine produsentlag Lesja/Dovre	« <i>Medlemsorganisasjonen i TINE er bygd opp med produsentlagene som selve grunnpilaren. Produsentlaget er møtested for alle melkeprodusentene i TINE. Hvert produsentlag har et valgt Arbeidsutvalg med en leder.</i> »	Pål Lasse Torstad
Nortura krets 138 Dovre og Lesja	« <i>Nortura SA har til formål å omsette medlemmenes slakt, egg, livdyr og ull på best mulig måte. Foretaket skal ved sin virksomhet bidra til at medlemmene får det best mulig økonomiske resultat av sin husdyrproduksjon, på kort og lang sikt.</i> »	Bjørn Magnus Tordhol
Norsk landbruksrådgiving Innlandet	« <i>NLR Innlandet er en uavhengig rådgivingsorganisasjon for bønder. Vi driver lokalt forankret rådgiving og baserer mye av våre anbefalinger og råd på forsøk.</i> »	Tilsette...
Lesja bygdekvinnelag	« <i>Bygdekvinnelaget er en pådriver for levende bygder. Vi er opptatt av sosiale tiltak i bygdene, og er forkjemper for kvinners økonomiske og sosiale rettigheter</i> »	Kathrine Holten
Lesjaskog bygdekvinnelag		Laila Brøste
Kvinner i landbruket	« <i>ønsker å ta vare på de kvinnene som er i landbruket i vårt distrikt. Foreningen organiserer fagdager m.m.</i> »	Jorid Thysell-Belle
Bondens nettverk	T.d. i Nord-Østerdalen er det etablert Bondens nettverk med fokus på psykisk helse. Det har vore innleiande møte om temaet i Lesja og Dovre.	

4.9 Kvinner i landbruket

Det er eit uttalt mål for samfunnsutviklinga i Norge at det skal vera likestilling mellom kjønna i alle sektorar og næringar. I landbruket er dette nedfelt m.a. gjennom endring av odelslova i 1974, då kvinner og menn fekk lik odelsrett. Vi har berre nasjonal statistikk å vise til for utviklinga på dette feltet.

Figur 2 viser at det går seint å endre kjønnsfordelinga i landbruket. SSB opplyser at 28 % av landbrukseigedommane er eigd av kvinner. Figur 1 viser at kjønnsfordelinga har endra seg ved at talet på menn som er gardbrukarar har gått ned, medan talet på kvinner tilsvarande har halde seg stabilt. Positivt er det likevel at ved overdraging av landbrukseigedommar er 40 % av dei nye eigarane kvinner, lell berre 25 % for gardar som er fritt omsett. (SSB 2019).



Figur 2. Kjønnsfordeling mellom gardbrukarar. (Etter SSB 2019)

Det er vidare ei skeivfordeling når det gjeld storleiken på bruka, SSB skriv: «Av jordbruksbedriftene med mellom 5 og 49 dekar jordbruksareal i drift hadde 23 prosent kvinnelege brukarar i 2018. Når det gjeld dei største jordbruksbedriftene med over 500 dekar i drift, vart berre 9 prosent drivne av kvinner.»

Også når det gjeld inntekt er det store skilnadar, SSB skriv: «Både når det gjeld [næringsinntekt frå jordbruk](#) og samla [bruttoinntekt](#) tente dei kvinnelege gardbrukarane mindre enn mennene i 2017. Medan gjennomsnittleg bruttoinntekt for mennene var 687 000, var tilsvarande inntekt for kvinnene 522 000 kroner. Det var også stor skilnad i kor mykje næringsinntekta frå jordbruket utgjorde av samla inntekt. For menn var gjennomsnittet 215 000 kroner, kvinnene nøyde seg med 125 000 kroner.


Skilnaden var minst blant mjølkebøndene. For denne gruppa var næringsinntekta til kvinnebøndene 73 prosent av det mennene hadde.»

4.10 Klima og landbruk

Landbruket har fått fokus på seg som ei næring med stor klimautslepp. Utsleppa frå landbruket er mykje knytt til husdyrbruk med drøvtyggarar og produksjon av kjøt og mjølk. Utsleppa kjem frå dyra si fordøying av fôr (metan), bruk av husdyrgjødsel (lystgass) og transport (CO₂).

Miljødirektoratet har ei teneste der ein kan hente data for utslepp i den enkelte kommune. Tala for Lesja er vist i figur 3. Figuren viser at landbruket står for ca. 70 % av klimautsleppa i Lesja. Utsleppa frå transport i landbruket ligg under vegtrafikk og annan mobil forbrenning.

Fordi landbruket har ein dominerande posisjon, og p.g.a. det låge folketalet får Lesja høge utsleppstal pr. innbyggjar, sjå tabell 24. Dei totale utsleppa frå Lesja utgjer likevel ein forsvinnande liten dei samla utsleppa for landet.



Figur 3. Klimautslepp i Lesja, perioden 2009 – 2017.

Tabell 24 . Klimautslepp pr. innbyggjar, Lesja, Oppland, Norge, 2017.

Område	Utslepp per innbyggjar i 2017 (tonn CO ₂ -ekvivalenter)	Utslepp i 2017 (tonn CO ₂ -ekvivalenter)
Lesja	19,2	39417,0
Oppland	6,2	1 178 615,4
Norge	8,4	52 740 000,0

Det generelle klimaet og vekstforholda i Lesja gjer at det ikkje er mogleg for landbruket i Lesja å leggje om til andre driftsformer.

Aktuelle klimatiltak i landbruket i Lesja vil derfor vera:

- Betre fôring
- Betre gjødeslhandtering og gjødselplanlegging
- Drenering
- Meir rasjonelle transportløyningar.

4.11 Beitebruk


Lesja kommune har ein gjeldande Beitebruksplan 2000 -2004. (Lesja kommune 2000). Handlingsprogrammet her vart rullert i 2009.

4.11.1 Organisering av beitebruken i Lesja

Retten til utmarksbeite er knytt åt dei enkelte gardsbruka, og er i regelen ein felles ressurs anten det gjeld område med privat grunn, sameiger eller statsallmenning.

Beiterettshavarane i Lesja har organisert seg 7 ulike beitelag (figur 4):

- Heimfjellet beitelag
- Jora beitelag
- Lesjaskog beitelag
- Lordalen beitelag
- Reindøl beitelag
- Sørhella beitelag
- Vestsida beitelag.



Figur 4. Beitelag i Lesja. (Etter NIBIO)

I tillegg til beitelaga, har Lesja fjellstyre heimel for å regulere beitebruken i statsallmenningane, Lordalen og Dalsida.


I tabell 25 er det vist nykkjeltal for beitebruken i dei ulike beitelaga.

Tabell 25. Beitelag i Lesja – dyretal, tap og areal 2017 (Etter NIBIO)

Beitelag	Heimfjelle t	Jora	Lesjasko g	Lordalen	Reindø l	Sørhella	Vestsid a	Sum/snitt
Registreringskom mune	Lesja	Lesja	Lesja	Lesja	Lesja	Lesja	Lesja	
Beiteår	2017	2017	2017	2017	2017	2017	2017	
Tal på medlemmar	29	11	19	26	20	12	15	132
Dyreslag	sau, storfe	sau, storfe	sau, storfe	sau, storfe	sau, storfe	sau, storfe	sau, storfe	
Sau sleppt	1678	696	571	1333	843	772	1198	7091
Lam sleppt	2908	1273	927	2386	1440	1312	2052	12298
Sau og lam sleppt	4586	1969	1498	3719	2283	2084	3250	19389
Storfe sleppt	191	130	430	329	276	311	170	1837
Geit sleppt	-	-	-	-	-	-	-	
Sau tapt	30	19	11	38	11	17	14	140
Lam tapt	185	50	100	238	37	98	116	824
Sau og lam tapt	215	69	111	276	48	115	130	964
Storfe tapt	0	3	0	0	1	1	0	
Geit tapt	-	-	-	-	-	-	-	
% tap lam	6,4	3,9	10,8	10,0	2,6	7,5	5,7	6,7
% tap sau	1,8	2,7	1,9	2,9	1,3	2,2	1,2	2,0
% tap sau og lam	4,7	3,5	7,4	7,4	2,1	5,5	4,0	4,94
% tap storfe	0,0	2,3	0,0	0,0	0,4	0,3	0,0	0
% tap geit	-	-	-	-	-	-	-	
Landareal, km ²	442,5	156,8	371,7	294,7	155,7	133,2	109,7	1664,3
Tilgjengeleg areal, km ²	394,2	153,4	302,2	275,4	133,2	106,9	106,8	1472,1
% skog	16,9	26,1	29,9	30,5	25,7	13,8	34,1	25,3
Sau/km2	12	13	5	14	17	19	30	15,7

4.11.2 Beiteressursen

På landsbasis utgjer beitebruken eit vesentleg ressursgrunnlag i norsk husdyrproduksjon. Beite utgjer 19 % av den norske forproduksjonen, og 15 % av det totale forbruket. (Sjå figur 5). Utan utmarksbeitet måtte anten talet på husdyr bli redusert med 15 %, eller importen av tilsvarende forverdi bli auka med 15 %.



Figur 5. Forgrunnet i norsk husdyrproduksjon. Faksimile frå St.meld. 11 (2016 – 2017)

I beitebruksplanen for Lesja (2000 – 2004) er det lagt til grunn følgjande arealbehov pr. sau i beitesesongen:

- Vanlig fjellbeite 20-30 dekar
- Godt fjellbeite 20-25 dekar
- Svært godt fjellbeite 15-20 dekar
- Godt skogsbeite 15-20 dekar
- Svært godt skogsbeite 10-15 dekar

Elles seier beitebruksplanen (2000 – 2004):

«Ved svært god beitekvalitet kan tilveksten hos tvillinglam komme opp i 350 gram pr dag, mens dårlig beitekvalitet kan gi tilvekst på ned mot 100 gram pr dag.»

I tabell 26 er det vist potensiale for beiting med sau og lam etter normerte arealbehov og tilgjengeleg areal i dei ulike beitelaga. Tabellen indikerer at beiteressursen i Lesja er på langt nær er utnytta. Utrekninga er usikker, då ein ikkje har god kunnskap om kvaliteten på beiteareala i Lesja. Eit anna usikkert moment er omfanget av beiting med storfe, då det i nokon grad skjer utanom organisert beitebruk.

Tabell 26. Potensialet for beiting med sau og lam i Lesja, etter arealbehov og tilgjengeleg areal.
(Usikre tal, då kvaliteten på beiteareala ikkje er godt dokumentert)

Beitelag	Heimfjelle t	Jora	Lesjasko g	Lordalen	Reindø l	Sørhella	Vestsid a	Sum/snitt
Tilgjengeleg areal, km ²	394,2	153,4	302,2	275,4	133,2	106,9	106,8	1472,1
Potensiale sau og lam (vanleg fjellbeite)	13140	5113	10073	9180	4440	3563	3560	49070
Sau og lam sleppt	4586	1969	1498	3719	2283	2084	3250	19389

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) gav i 2006 ut rapporten: *Verdi av fôr frå utmarksbeite og sysselsetting i beitebaserte næringar*. Her finn ein utrekna tal for fôropptak på utmarksbeite for:

- Mjølkeku 7,2 FEm/dag
- Lam 1,05 FEm/dag
- Sau 2,68 Fem/dag.

I tabell 27 er det så vist eit estimert fôropptak på utmarksbeite i Lesja på 3.837.171FMe. Her er det lagt til grunn ei beitetid på 85 dagar. Med ein kraftfôrpris 4 kr/kg (PM Mats Heidsve) vil utmarksbeitet ha ein verdi på kr. 15.348.684.

Det dyrka arealet gjev 390 Fem/daa/år (PM Mats Heidsve). Utmarksbeitet tilsvarar såleis 6482 daa med dyrka mark, eller eit tillegg til det dyrka arealet på Lesja med 17 %.

Tabell 27. Fôropptak på utmarksbeitei Lesja (2017) – estimat basert på normert foropptak på utmarksbeite (NILF 2006).

Dyreslag	Forbehov FEm/dag	Talet på dyr	Dagar med beite	Foropptak Fem
Storfe	7,2	1837	85	1124244
Lam	1,05	12298	85	1097597
Søyer	2,68	7091	85	1615330
Sum	-	-	-	3837171

4.11.3 Rovdyrtap

Forvaltningsplan for rovvilt i region 3 - Oppland Jerv, gaupe, bjørn, ulv og kongeørn (mars 2012)
fastsett at Lesja skal vera ein del av prioritert jervområde i region 3. (jf. figur 6).




Figur 6. Prioritert jervområde i region 3 (Oppland). (Etter forvaltningsplan 2012)

Vedtaket gjev at det er faste bestandar av jerv i Lesja, både i Lordalen og på Dalsida. I tillegg er det frå tid til annan registrert streifdyr av bjørn, ulv og gaupe. Det er faste hekkelokalitetar for kongeørn i kommunen.

Figur 7 og tabell 28 viser at i perioden 2010 – 2018 ligg det totale sautapet i snitt på 972 dyr/år, og at det i snitt blir gjeve erstatning for 572 sau/lam. Tapet er størst på lam, totalt 813 lam/år, og gjeve erstatning for 498 lam/år. Gjennomsnittleg tapsprosent er 6,7 for lam og 2,0 for sau, jf. tabell 25.


Jerven er den viktigaste skadegjeraren, med 81,29 %, jf. figur 8 og tabell 28. Oversikt over utbetaling av erstatning for perioden 2010 - 2018 er vist i tabell 29. Til saman er det i perioden utbetalt 11,9 mill. kroner.



Figur 7. Rovdyrtap i Lesja, perioden 2010 – 2018. Etter Rovbase.

Tabell 28. Erstatning rovdyrtap i Lesja, fordelt på skadegjerner, perioden 2010 – 2018. (Etter Rovbase)

Skadevoldar	Tal på sau erstatta	Tal på lam erstatta	Tal på totalt erstatta	Arten sin del av totalt tap (%)
Gaupe	0	0	0	0,00
Jerv	367	3820	4187	81,29
Bjørn	137	102	239	4,64
Ulv	154	290	444	8,62
Kongeørn	1	154	155	3,01
Uspesifisert	9	117	126	2,45
Totalt	668	4483	5151	100,00



Figur 8. Rovdyrtap i Lesja, fordelt på skadegjerner, perioden 2010 – 2018. (Etter Rovbase)

Tabell 29. Sauerstatning Lesja perioden 2010 – 2018 (Etter Rovbase).

	Totalt	Sau	Lam
Talet på søknader	340	-	-
Totalt tap	8749	1426	7323
Erstattta	5151	668	4483
Erstatningsbeløp (kr)	11.888.319,00	-	-

Gjennom organisert beitebruk blir det organisert førebyggende og avbøtende tiltak:

- Organisert tilsyn etter turnus
- Bygging av gjetarbuer og andre anlegg
- Tidleg nedsanking av beitedyr, eller ekstraordinær sanking ved skadesituasjonar
 - Motstand mot tidleg nedsanking, blir ei innskrenking av beiteretten i periode der lamma er i best vekst.
- Etablering av beredskapsplanar i samarbeid med kommunen og fylkesmannen.
- Etablert kommunale fellingslag.

Rovdyr og tap av beitedyr til rovdyr utgjer såleis eit stort og vedvarande problem for beitenæringa i Lesja i form av:

- Lidingar for beitedyra, med tilhøyrande påfreistingar for dyreeigarane.
- Redusert produksjon, både i avdrått og avl
- Økonomiske tap for dyreeigaren og samfunnet
- Beiteretten kjem under press.

4.12 Dyrevelferd

Dyrevelferden er knytt til forhold som gjeld:

- Fjøs og opphaldsplassar for husdyra
- Tilgang på le for vêr og vind for utegangarfe.
- Nok og godt fôr.
- Behandling for dyresjukdommar.
- Tilsyn og vern mot ulukker og farer på beite.

Det er dyreeigar sitt ansvar å sjå til at dyra har tilfredsstillande dyrevelferd. Mattilsynet fører tilsyn etter lov om dyrevelferd og aktuelle forskrifter.

Dei største utfordringane næringa har når det gjeld dyrevelferd er:

- Lidingar som følgje av rovdyrangrep
- Krav om overgang til lausdriftsfjøs for storfe innan 2034.

I tillegg førekjem det frå tid til annan enkelttilfelle av vanskjøtsel av dyr på enkeltbruk som følgje av driftsmessige og/eller helsemessige forhold.

5 Mål og strategiar

5.1 Mål for landbruket i Lesja

1. Det er eit mål å oppretthalde og utvikle landbruket som den viktigaste og berande næringsvegen i Lesja, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar.
2. Landbruket i Lesja skal bidra til lokal verdiskaping, sysselsetting og å oppretthalde busettinga i kommunen.
3. Lesja har som mål å vera ei føregangskommune i landbruket når det gjeld produksjon, kvalitet, utvikling og kompetanse.
4. Landbruket i Lesja skal vera ei næring som vil ta i bruk heile garden som ressurs, leggje til rette for samarbeid med reiselivet og anna næringsliv.
5. Landbruket skal sikre bevaring av eit levande kulturlandskap og biologisk mangfald.
6. Bruke gardsskogen og allmenningane for auka verdiskaping i Lesja.

5.2 Strategiar for utvikling av landbruket i Lesja

A.

I Lesja er det eit godt, solid og berekraftig landbruk som næringa kan byggje vidare på og utvikle når det gjeld:

- i. Jorda som ein grunnleggjande ressurs for landbruket si verdiskaping.
- ii. Viljen og evna til investere i bruksutbygging.
- iii. Eit høgt teknologisk nivå med god kompetanse.
- iv. Høg grad av lokal vidareforedling av grovfôr i kjøt- og mjølkeproduksjon.
- v. Ein sterk gründerkultur for fleire etableringar for lokal foredling av kjøt og mjølk, og andre tilleggsnæringar.
- vi. Faglege og sosiale nettverk i næringa.
- vii. Ei aktivt skogbruk med fokus på lokal utnytting av skogressursane.

B.

Landbruket i Lesja kan vidare ha noko å hente på å utvikle:

- i. Auka kompetanse innan agronomi når det gjeld
 - Fornying av eng
 - Bruk av gjødselvarer
 - Vatning
 - Drenering.
- ii. Auka og meir optimal bruk av utmarksbeitene
 - Fleire beitedyr.
 - Betre utnytting av beiter med høg kvalitet.
- iii. Arbeide for rekruttering til næringa.

C.

Landbruket i Lesja må også arbeide for å oppfylle generelle samfunns mål:

- i. Reduserte klimautslepp.

- ii. Større grad av likestilling.

D.

Utvikle skognæringa når det gjeld:

- i. Bruke nye skogbruksplanar for å få auka aktivitet i skogbruket.
- ii. Utnytte skogsvirke til energiproduksjon.
- iii. Auka grad av lokal foredling av tømmer.

6 Handlingsprogram

Handlingsprogrammet har tiltak innanfor kvar strategi, sett for å oppfylle måla for utvikling av landbruksnæringa i Lesja.

Strategi	Tiltak nr	Tiltak	Ansvar	Måltilknytning
A i.	1	Lesja kommune skal innanfor nasjonale rammer forvalte jord- og konsesjonslova med forskrifter slik at ein legg til rette for omstilling og utvikling i næringa, samstundes som ein ivaretek målet om å oppretthalde ein variert og rasjonell bruksstruktur.	Lesja kommune	Mål 1 og 2
	2	Lesja kommune skal verne om dyrka mark ved å ha ei restriktiv forvaltning i saker som gjeld omdisponering etter jordlova § 9. Lesja kommune si forvaltning skal byggje på den nasjonale jordvernstrategien.	Lesja kommune	Mål 1
	3	Lesja kommune skal leggje til rette for nydyrking gjennom målretta saksbehandling og oppretthalde ordninga med tilskott til nydyrking. Satsane blir fastsett av Lesja kommunestyre.	Lesja kommune	Mål 1
	4	Lesja kommune skal utarbeide ein samla plan for den dyrkbare jorda i kommunen, der det blir kartlagd kva for areal som har størst verdi som dyrkingsjord m.t.p. produksjon og driftsforhold.	Lesja kommune	Mål 1
A ii.	5	Lesja kommune skal stimulere til bruksutbygging ved å rettleie landbruksføretaka ved utarbeiding av søknadar om tilskott og lån m.m., og om byggjeløyve.	Lesja kommune	Mål 2
	6	Lesja kommune skal ha ei aktivt forhold til Innovasjon Norge for å sikre god kontakt med landbruksnæringa, og god oppfølging av søknadar om tilskott og lån m.m. frå	Lesja kommune	Mål 2

		landbruksføretaka.		
A ii. A iii.	7	Gardbrukarane bør dele erfaringar frå utbyggingsprosjekt og søknadsprosessar gjennom feltdagar, andre faglege samlingar og fagturar.	Faglaga i landbruket	Mål 3
A iv.	8	Lesja kommune og landbruksnæringa skal arbeide for at mjølkekvoter ikkje blir seld eller leigd ut utanfor kommunen.	Lesja kommune, produsentlag.	Mål 2
	9	Lesja kommune vil gje støtte til etablering av nye mjølkebruk gjennom kommunalt næringsfond. Satsane blir fastsett av Lesja kommunestyre.	Lesja kommune.	Mål 2
	10	Når eit landbruksføretak vel og avslutte mjølkeproduksjon, skal føretaket få tilbod om rettleiing for etablering av alternativ produksjon.	Lesja kommune, produsentlag.	Mål 2
A v.	11	Lesja kommune skal gjennom sitt næringsarbeid rettleie og bistå brukarar som ynskjer å etablere verksemd med foredling av eigne produkt eller anna tilleggsnæring. Aktuelle tiltak er prosjektstøtte, hjelp med søknadar og etablering av nettverk.	Lesja kommune	Mål 2, 3 og 4
	12	Lesja kommune skal vidareføre ordninga med tilskott frå kraftfondet til nyetableringar. Satsane blir fastsett av Lesja kommunestyre.	Lesja kommune	Mål 2, 3 og 4
A vi.	13	Vidareføre og utvikle faglaga for å ivareta landbruket sine økonomiske, faglege og sosiale interesser i samfunnet.	Faglaga i landbruket.	Mål 3
	14	Vidareføre og utvikle produsentlaga for å sikre produsentane ei god fagleg og økonomisk utvikling.	Produsentlaga	Mål 3
	15	Vidareføre og utvikle ulike nettverk for å ivareta gardbrukarane sine faglege, sosiale og helsemessige interesser.	Kvinner i landbruket, Bondens nettverk, bygdekvinnelaga	Mål 3
B i. C i.	16	Det blir søkt etablert eit treårig prosjekt «Betre agronomi i Lesja». Målet med prosjektet: <ul style="list-style-type: none"> • Auke kompetansen hjå den enkelte brukar gjennom faglege samling, kurs osv. • Tilby drifts- og jordanalyser for det enkelte landbruksføretak. • Føreslå andre tiltak for betre agronomi. 	Faglaga i landbruket, Lesja kommune.	Mål 1, 2 og 3
B ii.	17	Fullføre arbeidet med vegetasjonskartlegging i Lesja.	Lesja kommune	Mål 1, 2, 3 og 5

	18	Det blir søkt etablert eit treårig prosjekt «Betre beitebruk i Lesja». Målet med prosjektet: <ul style="list-style-type: none"> • Betre utnytting av areal med god beitekvalitet. • Auke avdråtten for dyr på utmarksbeite. • Sørge for eit teneleg og godt gjerdehald for rasjonell beitebruk og god dyrevelferd. • Redusere tap og skadar for beitedyr. 	Lesja beitesamlag, Lesja kommune.	Mål 1, 2, 3 og 5
B iii.	19	Profilere landbruket som ein kompetansearbeidsplass når det gjeld agronomi, mekanisering, IKT, økonomi, leiging og samfunnsfag.	Faglaga i landbruket.	Mål 3
	20	Karriererettleiing – profilere landbruksutdanning som eit godt karriereval.	Lesja kommune, karrieresenteret.	Mål 3
C ii.	21	Få fram gode døme på at landbruket også er ein god kvinnearbeidsplass.	Kvinner i landbruket, faglaga i landbruket.	Mål 3
D i.	22	Etablere eit treårig prosjekt «Skogsats» med fokus på oppfølging av nye skogplanar når det gjeld: <ul style="list-style-type: none"> • Sluttavvirking og tynning • Skogskjøtsel • Vegvedlikehald. 	Lesja kommune, Mjøsen Skog SA, Statskog SF	Mål 6
D ii.	23	Utgreie moglegheiter for fjernvarmeanlegg basert på bioenergi.	Lesja kommune	Mål 6
D iii.	24	Etablere eit treforum for Lesja med fokus på produktutvikling.	Lesja kommune, Lesja Dovre skogeigarlag.	Mål 6

Kjelder

Hegrenes, Agnar og Leif Jarle Asheim. Verdi av fôr frå utmarksbeite og sysselsetting i beitebaserte næringar. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) 2006.

SSB. Primært menn i primærnæringane. (SSB 2019)

Statens landbruksforvaltning: ulik statistikk.

SSB: ulik statistikk.